

STANDARDVILKÅR FOR LEIGE AV FORTAU- OG GATEGRUNN I STRANDA KOMMUNE

Fastsett av Stranda Kommunestyre den 22.03.2023

Hensikten med reglane er mellom anna å skape levende bygdesentrum med mange ulike aktivitetar. Reglane skal gje rammevilkår for behandling av søknadar om uteservering, gatesal og plassering av utstyr f.eks. sykkelstativ, benkar og klesstativ m.m. på kommunal grunn.

Reglane omfattar kommunale veger, gater, plassar, torg, fortau og andre offentlege områder. Private grunneigarar/aktørar vert oppfordra til å følge dei same reglane. Restaurantar og serveringsstadar, samt uteservering og verksemder som er retta mot allmenta er omfatta av plikta til universell utforming, jf. diskriminerings- og tilgjengelighetslova § 13 (3). Uteserveringar skal tilretteleggjast slik at dei kan nyttast av flest mogleg på like vilkår, i forhold til blant annet tilgjengelighet og visuell orientering

1. Bakgrunn og verkeområde og formål

- 1.1. Stranda kommune har som vegmynde, og gjennom sin eigedoms- og disposisjonsrett til fortaus- og gategrunn utforma desse retningslinene for bruk av offentlig gategrunn i kommunens sentrums områder.
- 1.2. Som offentlig gategrunn reknast all grunn regulert til offentlege trafikkområde, - her under veg, fortau, parkeringsareal, plass m.m., som vert drifta og/eller blir halde ved like av offentlig mynde.
- 1.3. Leigeavgift skal betalast når kommunal gategrunn og/eller fortau vert nytta til varehandel og/eller servering i næring.
- 1.4. Regelverket søkjer å oppnå ein brukarvenleg utleigeordning av gategrunn som legg til rette for midlertidige installasjonar utan at desse blir til hinder eller sjenanse for publikum.

2. Leigeperiode

- 2.1. Fyrste gongen det vert søkt, vil tillating bli gitt for eitt år, som ein prøveperiode. Dersom verksemda med leige av grunnen fungerer bra og blir gjennomført i tråd med retningslinjene, vil leiekontrakten kunne verte forlenga med 3-5 år.
- 2.2. Det finnst tre typar leiekontraktar: månadskontraktar, sesongkontraktar og heilårskontraktar. Tida frå den 1. april til og med den 30. september reknast som vår/sommarsesong.
- 2.3. Der kommunen må nytte grunnen til snøbrøyting om vinteren, er det ikkje mogleg å leige lenger enn eit halvt år om gongen.
- 2.4. I leigetida er leigetakar forplikta til å inneha dei naudsynte tillatingar knytt til leigetakars verksemd.

3. Forhold og krav knytt til moglegheitene for utleie av fortau og gategrunn

- 3.1. Leige av areal på fortau kan i utgangspunktet skje når fortausbreidda er minst 2,5 meter. Dersom trafikkforholda på staden tillet det, kan det leigast ut areal sjølv om fortausbreidda er under 2,5 meter.
- 3.2. Det skal vere minst 2,5 meter fri fortausbredde til fotgjengere og utrykkingskøyretøy når uteserveringsarealet er i bruk.

- 3.3. Ligg serveringsarealet i ei gågate, skal det vere tilnærma 4,0 meter målt mellom leigeareal og kvar side av gata. Det skal være tilnærma same forhold mellom leigeareal og fri gatebredde i ei smalere gågatene.
- 3.4. Når krava til fortausbredde er innfridd, kan det leigast ut areal langs serveringsstadens fasade, målt frå veggliv og ut på fortau.
- 3.5. Arealet skal ha rektangulær form og være sammenhengende fra veggliv. Det er ikkje høve til å drive framleige av fortaus- og gategrunnen, med mindre anna er avtalt med kommunen.
- 3.6. Møblering må ikkje vere estetisk til sjenanse for omgivnadane. Det vil kunne bli stilt krav til type møblering og eventuelle grensemarkeringar.

4. Avgift/ leige

- 4.1. Det er servicekontoret som utferdar løyve til bruk av gategrunn på vegne av kommunen.
- 4.2. Leigeavgift vert kravd på forskot av økonomiavdelinga i kommunen.
- 4.3. Leigeavgifta vert ikkje refundert dersom grunnen ikkje blir teken i bruk eller salstida blir innskrenka.
- 4.4. Løyvet med kvitteringa for betalt leie skal oppbevarast på staden og kunne visast fram ved dersom politiet ber om det.
- 4.5. Lokale lag, organisasjonar og andre lokale humanitære/ideelle foreiningar kan få fritak frå betaling av leie såframt inntekta i sin heilskap går til laget/foreininga.
- 4.6. For meir informasjon sjå punkt 6.

5. Reglar vedkomande nytte av kommunal eigedom

- 5.1. Den som brukar eller leiger kommunal eigedom, skal halde plassen rein og ryddig og forlate plassen reingjort og fri for avfall.
- 5.2. Lausfotreklame skal stå inn mot vegg, eller eventuelt i fastlagde møbleringssone.
- 5.3. Kvar verksemd kan ikkje ha meir enn ei lausfotreklame, og denne skal plasserast i tilknytning til verksemda.

Eller

- 5.4. Reklame vert ikkje tillatt, bortsett fra diskret bruk av firmalogo/navn i små bokstaver.
- 5.5. Plassering av skilt- og reklameinnretningar er tiltak som krev søknad og tillatelse etter plan- og bygningsloven § 20-1. Skilt og reklameinnretningar, samt lausfotskilt eller reklame (flyttbare bukker, vippekilt, roterende skilt, seil, beach flag ol.) vert ikkje tillatt. Menyskilt kan settjast opp innan for leigd areal.
- 5.6. Påmontering av markise som medfører fasadeendring er søknadspliktig etter plan- og bygningsloven § 20-1. Markiser kan nektast på freda eller verna bygning, jf. lov om kulturminner § 3
- 5.7. Leigetakar har plikt til å sørge for eit tilstrekkeleg antall avfallsbeholdarar og askebeuger.
- 5.8. Beholderne skal plasserast innanfor uteserveringa si avgrensning. Det er tillatt å feste eller påmontere avfallsbeholder ved offentlige bygg, installasjonar som lysmaster/skiltstolper e.l., eller på kommunal grunn.
- 5.9. Utstillingsstativ for varer skal ikkje vere større enn 0,6 x 2 meter.
- 5.10. Dei som får løyve til å leige grunnen til servering og liknande må nytte grunnen som den er. Dersom dei ynskjer å gjere endringar er dette søknadspliktig.

- 5.11. Det vert berre gitt løyve til å setje opp skilje mellom serveringssone og gangareal der lovverket krev det i samband med servering.
- 5.12. Ev. sperring av serveringsareal skal ha slik utføring at den ikkje kan flyttast av besøkande.
- 5.13. Den skal ha ein enkel utforming, og takast heilt vekk etter at leigeperioden er over, med mindre anna er avtalt.
- 5.14. Leigetakaren pliktar å føre eit kontinuerleg oppsyn med at møblar og sperringar ikkje forfell og er plasserte slik det er gitt løyve til, eller i høve til retningslinene.

6. Festivalar, arrangement og liknande

- 6.1. I høve festivalar, arrangement og liknande kan kommunal eigedom verte stilt til disposisjon for ein eller fleire aktørar/arrangørar.
- 6.2. Aktør/arrangør har høve til å nytte andre leigesatsar enn dei som går fram av punkt 9 for vidareutleige ved festivalar og arrangement.
- 6.3. Ved framleige pliktar aktør/ arrangør å gjere leigetakar kjend med dette reglementet for leige av kommunal eigedom og handel utanom fast utsalsstad, og skal sjå til at leigetakar overheld føresegnene i reglementet.
- 6.4. Aktørar/ arrangørar har høve til å drive handel på søndagar.

7. Generelle reglar

- 7.1. Alle næringsaktørar er pålagde å ha ein eigen avtale for avfall, og ha eigna oppbevaringsplass som oppfyller branntryggleikskrav.
- 7.2. Kommunen tillet ikkje lagring av møblar og inngjerdingar på kommunalgrunn i den del av sesongen det leigde arealet ikkje vert nytta.
- 7.3. Kommunen tillet ikkje at avfallscontainere til næringsavfall står på kommunal grunn, med unntak frå at dei kan setjast fram kvelden før det er tømning/henting. Etter dette skal dei ryddast vekk snarast mogleg og innan rimeleg tid.
- 7.4. Med unntak for vareleveranse og utrykkingskøyretøy er det ikkje tillate å nytte motorkøyretøy innafør det område som er regulert til gågate.

8. Ved brot på reglementet

- 8.1. Den som ikkje rettar seg etter dette reglementet kan visast vekk, og nektast leige av plass i framtida.
- 8.2. Bortvisinga skal vere skriftleg og grunngjeven.
- 8.3. Brot på norsk lov skal straks meldast til politiet.
- 8.4. Dersom kommunen pådreg seg kostnader som følgje av at den som driv handel ikkje rettar seg etter dette reglementet, kan kommunen krevje kostnaden dekkja av den som driv handel.
- 8.5. Kommunen/ politiet kan utføre kontroll med at bruk av gategrunnen er i samsvar med dei løyver som er gitt. Dersom denne manglar og/eller reglane ikkje blir overhaldne kan politiet utstede bøter.

9. Prisar (2023)

Type leigekontrakt	Utan skjenkeløyve (kr/pr. m ²)	Med skjenkeløyve (kr/pr. m ²)
Leige per måned	120,-	150,-
Leige per sesong 01.04-30.09	720,-	1000,-
Leige heile året 01.01.-31.12	1300,-	1800,-